

---

Saksnr: 2019/101-28  
Saksbehandlar: Even Vaular

---

## Saksgang

| Utval                                  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Trafikktryggingutvalet                 |             | 16.11.2020 |
| Hovudutval for samferdsel og mobilitet |             | 25.11.2020 |

## Forlenging av Hjertesone-prosjektet i Bergen

Forslag til innstilling

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til at Hjertesone-prosjektet i Bergen vert forlenga ut 2021.
2. Fylkeskommunen vil bidra med kr. 250.000 for å finansiera forlenginga. Hovudutvalet ber om at løyvinga vert innarbeidd i sak om fordeling av FTU-midlar for 2021.

Samandrag

Fylket er engasjert i Hjertesone-prosjektet i Bergen. Grunna korona-utbrotet i mars vart gjennomføringa av prosjektet forseinka med sju månader. Det er såleis behov for å forlenga prosjektet ut 2021. Ei forlenging vil innebere ei løyving frå både Bergen kommune og Vestland fylkeskommune på kr. 250.000 kvar. Byrådet i Bergen har i vedtak sagt seg positiv til ei forlenging. Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å slutta seg til forlenginga.

Dina Lefdal  
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

John Martin Jacobsen  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Revidert prosjektplan per 1. oktober 2020
- 2 Arbeidsdokument - Hjertesone Tryggere skolevei
- 3 Byrådssak 1293-20. Saksframstilling. Prosjekt Hjertesone - status oktober 2020 og vidare arbeid
- 4 Byrådssak 1293-20. Vedtak. Prosjekt Hjertesone - status oktober 2020 og vidare arbeid

## Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

Fylket er engasjert i Hjertesone-prosjektet i Bergen gjennom økonomisk bidrag og deltaking i prosjekt- og styringsgruppe. Bystyret i Bergen kommune fatta i oktober 2016 vedtak om at det skal verta etablert Hjertesone på alle dei 66 kommunale barneskulane i kommunen, samt at skulane skal ha utarbeidd kvar sin ts-plan. Kommunen er første i landet til å fatta eit slikt vedtak. Hjertesone-prosjektet definerer prosjektmåla slik:

«Målet er å redusera biltrafikken, hovudsakleg foreldrekøyring, samt at flest mogeleg barn skal gå og sykle til skulen. Dei barna som må køyrast skal settast av på trygge av- og påstigningsplassar utanfor hjertesona. Alle barneskular i Bergen skal ha definert og markert hjertesone og utarbeida trafiksikringsplan innan utgangen av 2020.»

Hjertesone-prosjektet fekk tilsett ein prosjektleiar i 2018. Prosjektleiinga har Trygg Trafikk hatt ansvar for. Hordaland fylkeskommune bidrog både i 2018 og 2019 med 500.000 kr. til prosjektet, og Bergen kommune gjekk inn med tilsvarande. Prosjektperioden vart forlenga ut 2020, og økonomisk bidrag frå Vestland fylkeskommune (framleis 500.000 kr) er tatt frå FTU-midlane. Planen var opphavleg å ferdigstilla prosjektet i år, men korona-utbrotet i mars sette synfaringar og møte på skulane på vent. Utrullinga av Hjertesone på skulane vart med dette forseinka i sju månader. Det er no naudsynt å strekka prosjektet inn i 2021, for å bli ferdig med synfaringar og ts-planar, samt gjennomføra evaluering av prosjektet. Trygg Trafikk ønsker at fylkeskommunen og kommunen går inn med 250.000 kr. kvar for å sikra ferdigstilling.

### Status for prosjektet

Prosjektet er i ein fase der det vert gjennomført synfaringar på skulane, Hjertesoner vert etablert og trafikktryggingplanar vert utarbeidd på dei ulike skulane.

Oppdatert prosjektplan (vedlagt saka) syner at status per 1. oktober 2020 er som følger:

- Det er gjennomført synfaring på 42 av 66 skular.
- Det er ferdigstilt ts-planar på 42 av 66 skular.
- Det er sett opp Hjertesone-skilt på 33 av 66 skular.
- Det er gjennomført tiltak ved 30 av 66 skular.
- Det er definert Hjertesone på 42 av 66 skular.
- Det er markert opning av Hjertesone ved 6 av 66 skular.

### Vedtak i Bergen kommune

I vedtak fatta 29. oktober 2020 sluttar byrådet i Bergen seg til at Hjertesone-prosjektet vert forlenga ut 2021.

### Vedtakskompetanse

Finansiering av fylkeskommunalt bidrag til Hjertesone-prosjektet i 2021 vil verta tatt frå løyvingsnivå FTU-midlar. Etter økonomireglementet punkt 3.2 er det hovudutval for samferdsel og mobilitet som har høve til å vedta bruk av FTU-midlane. Ei sak som tar føre seg den samla fordelinga av FTU-midlane for 2021 vil verta fremja etter at endeleg budsjett er fastsett av fylkestinget i desember.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Det finansielle bidraget til prosjektet vil vera halvparten av kva det har vore tidlegare år. Fylkesdirektøren vurderer at det vil vera rom for å løyva midlar til tiltaket frå løyvingsnivå FTU-midlar i 2021.

**Klima:** Hjertesone-prosjektet har betydning for klimaet ved at det fremjar sykling og gåing til skulen, mellom anna ved å jobba for tryggare trafikale tilhøve. Dette kan bidra til redusert bilbruk, forhåpentleg også på lengre sikt, ved at dei unge får gode vanar for aktiv transport som dei førar med seg vidare i livet.

**Folkehelse:** Skildringa under «Klima» er også relevant for folkehelse. Verknaden for folkehelsa er meir direkte/tydelegare enn verknaden for klima.

**Regional planstrategi:** Mål 2 i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 seier at klima og miljø skal vera ein premiss for samfunnsutviklinga. Strategi 2.1 seier at «Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.» Syner til «Klima» for koplinga her.

Mål 3 har lokalsamfunna som ramme for gode kvardagsliv. Strategi 3.1 seier at «Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar». Strategi 3.2 seier at «Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket». Tryggleik er ein viktig del av opplevinga av ein stad som attraktiv, og for folk sin mobilitet. Klimavenleg stadutvikling krev trygg ferdsel til og i sentra, til skular og fritidsaktivitetar og til kollektivtransporten. Hjertesone-arbeidet inngår i dette.

#### Forlenging av Hjertesone-prosjektet

Fylkesdirektøren meiner at fylkeskommunen bør bidra med 250.000 kr til Hjertesone-prosjektet i 2021. Me har fylgt prosjektet heile vegen, og bør forplikta oss til å sikra slutføring. Vår partner i finansieringa - Bergen kommune - har allereie forplikta seg gjennom vedtak i byrådet 29. oktober. Fylkeskommunen sitt bidrag vil me kunna ta frå FTU-midlane. Prosjektet har overføringsverdi for arbeid med Hjertesone andre stader i fylket. Prosjektgruppa har til dømes fått utarbeidd arbeidsdokumentet «Hjertesone tryggere skolevei» i samarbeid med Norconsult, som kan nyttast som eit ressursdokument for dei som på ulikt vis er involverte i Hjertesone-arbeid. Arbeidsdokumentet er vedlagt denne saka, saman med oppdatert prosjektplan.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at 250.000 kr. av FTU-midlane for 2021 vert løyvd til Hjertesone-prosjektet.